

## Budsjett 2020

Psykisk helsevern  
Helse Førde HF

## Innhald

Samandrag.....	2
Føresetnader i budsjett 2020 .....	2
Budsjettarbeidet i PHV .....	2
Risiko i budsjett for 2020 .....	4
Ramme 2020.....	4
Økonomi.....	6
Kostnadsutvikling .....	6
Aktivitetsutvikling .....	6
Aktivitet per avdeling.....	7
Bemanningsplan .....	8
Forsking.....	8
Budsjettprosess.....	9
Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet .....	9

## Samandrag

Budsjettet til PHV er utarbeidd innanfor den ramma som er gitt. Det er nytta rammebudsjettering, slik at alle avdelingar i PHV har tatt sin relative del av den utfordringa som ligg i å lage budsjett innanfor tildelte rammer.

PHV har gjennom fleire år vore nøydd til å finne rimelegare måtar å tilby våre pasientar eit godt og forsvarleg behandlingstilbod. Budsjettet for 2020 er stramt, men det er lagt opp til ei forsvarleg drift. Vi vil med dette budsjettet også i 2020 kunne gje gode tilbod med høg kvalitet til pasientane våre.

Psykisk helsevern for vaksne har fokus på å sikre kvaliteten og omfanget av poliklinisk verksemd slik at vi framleis samla sett tilbyr adekvate og gode pasientforløp ved kvart DPS. Dette arbeidet vil halde fram i 2020. Ein verknad av dette er mindre bruk av og behov for døgnplassar.

Døgntilbodet for psykisk helsevern til barn og unge vert planlagt på same nivå som i 2019, og vi ventar at tal polikliniske konsultasjonar vert noko høgare enn siste år.

Innanfor TSB har vi redusert kjøp av gjestepasientplassar til eit nivå som kan være det nivået som følgjer av fritt sjukehusval, og vi ventar at aktiviteten i eige føretak vert noko høgare enn siste år.

## Føresetnader i budsjett 2020

Årsprognosen for 2019 gjev grunnlaget for budsjettet for 2020. Basert på denne er kostnadsnivået tilpassa ramma for 2020, og justert med prisfaktorar som er gitt i Statsbudsjettet.

## Budsjettarbeidet i PHV

Det er i budsjettet for 2020 ikkje lagt opp til at vi skal gjennomføre spesifikke tiltak i 2020 som vil påverke drifta. Vi starta arbeidet med å tilpasse drifta til rammene for 2020 allereie tidlig i 2019. Endringar som skal skje på den enkelte avdeling vil skje innanfor budsjetterte rammer og det personellet som er tilgjengeleg.

### NPS

- Det er behov for fleire legar og psykologar i poliklinikken. Vi vil arbeide for å få tilsett i legestilling i 2020, og det vil vere kostnader knytt til dette.

- Vi treng fleire sjuke-/vernepleiarar i seksjon døgn, og vil søke om omgjering av hjelpepleiarstilling. Dette vil gje oss høgare driftskostnader.
- Akuttprosjektet vårt har blitt støtta med om lag 100.000 kroner frå Hornindal kommune. Denne summen går ut i 2020.
- Vi har i dag musikkterapeut i 60 prosent stilling. Det er ynskje om å gjere denne om til 100 prosent stilling når økonomien tillet det.
- SKOP, eit treårig kompetansehevingsprogram i lag med Nordfjord BUP, vert vidareført.

Budsjettet for 2020 går i balanse ved hjelp av

- Minimal bruk av ekstrahjelp
- Vakansperiodar for ledige stillingar
- God planlegging av fråver og innleige.

### ISP

Tiltak gjennomført i 2019 blir i all hovudsak vidareført, og vil få effekt også i 2020. Alle større budsjettpostar er justert ut frå ein risiko/sårbarheitsanalyse. Det gjer at risikoen for avvik er større enn tidlegare år, men ikkje utover det vi ser på som akseptabel risiko.

Det er laga ein ny bemanningsplan for seksjon døgn som gjev auka bemanning på vanlege arbeidsdagar og mindre på helg. Dette vil redusere behovet for små stillingsprosentar på helg og auke mogelegheitene for å gje tilbod om større stillingar for dei som ønsker det. Sårbarheita aukar noko ved at det ved fråvær på helg vil vere behov for innleige av vikar. Budsjett for 2020 har teke høgde for dette, og det blir arbeidd med å lage ein større vikarpool som kan nyttast på helg.

Det er viktig å rekruttere både spesialistar og erfarne medarbeidarar til senteret for å oppretthalde og vidareutvikle kvaliteten i senteret sitt tilbod. Leiinga vil ha spesiell merksemd på dette i høve intern kompetanseutvikling og ekstern rekruttering.

### PSK

Psykiatrisk klinikk er i ein fase med planlegging av drift i nybygg frå 2021, som til ein viss grad vil påverke budsjett for 2020. Rekruttering av psykiatarar ser ut til å bli god i 2020, og vi kan ta ned vikarbudsjett for innleige av vikaroverlegar. Tilkomsten av nye psykologspesialistar ser også lys ut. Det vil fortsatt vere viktig å ha nok LIS for å dekke vaktordning og for å kunne utdanne egne psykiatarar.

Psykisk helsevern i Helse Førde har ansvar for å gje tilbod til tryggleikspasientar. Pris for ein døgnplass i eit anna føretak er kr 20.300 per døgn, og for eit år utgjer dette kr 7,41 millionar per pasient. Tal pasientar i andre føretak vil variere. Vi har om lag 7-8 pasientar i målgruppa som i periodar har trong for ein tryggleiksplass. Det er ein risiko for at tal pasientar som treng døgntilbod på tryggleiksplass kan stige. Det er sett av midlar til kjøp av tryggleiksplassar i 2020. I 2021 vil vi bygge opp ein tryggleikspost med 3 døgnplassar i nybygg, med bruk av midlar vi i dag brukar til gjestepasientar.

Pakkeforløp vil krevje meir oppfølging frå spesialistar som det er utfordrande å få på plass i eit budsjett med innsparingskrav. I medikamentfri behandling er det tilrådd å ha musikkterapi, kunstterapi og trening. Vi har tilbod om trening, men har ikkje ressursar til å utvide med tilbod om musikk- og kunstterapi utan å ta bort andre ressursar.

Andre avdelingar i Helse Førde ynskjer spesialistressursar frå psykiatrisk klinikk til kreftavdeling, fedmepoliklinikk og eldremedisinsk poliklinikk, men vi har verken nok spesialistressursar eller ressursar til å dekke opp for dette utan at dette går utover andre tilbod ved psykiatrisk klinikk.

### PBU

Vi har hatt høg aktivitet i 2019, men aukande ventetid. Grunnane til dette er fleire. I 2019 har vi hatt endringar i arbeidsstokken i fleire av seksjonane og nokre stillingar har vore vakante nokre månader. I tillegg har vi hatt nokre sjukmeldingar. Ved innføring av pakkeforløp i 2019 har det blitt meir administrative oppgåver på terapeutane, i tillegg til auka dokumentasjonskrav. Dette aukar arbeidsmengda til dei tilsette, og kan bli ei utfordring for 2020, sjølv om vi trur ventetida vil bli betre enn i 2019.

Vi held fram det nære samarbeidet med 1. linja, og har høgt fokus på å levere kvalitativt gode tenester. Vi har hastehjelp ved alle poliklinikkane. Akuttinnleggingar ved UPH har gått vesentleg ned frå 63,6 prosent i 2017 til under 39 prosent hittil i år, medan vi har hatt ein auke i planlagd innlegging. Hastehjelpa er nok noko av grunnen til nedgangen i akuttinnleggingar. I tillegg er hastehjelpa eit godt tilbod til pasientar og samarbeidspartar. Dette gjer oss meir tilgjengelege, samstundes som vi i større grad unngår unødige innleggingar som kan vere ei stor belastning for ungdomane.

Med fleire spesialistar og eiga vaktordning har vi ei fagleg sterkare avdeling, samstundes som vi framover får ein auke i lønskostnadene. Dette fører til at vi på sikt må redusere tal tilsette. Dette er vi redde for vil føre til ein meir pressa økonomi, samstundes som ventetid og pasientstraum kan bli ei utfordring. Dette vil igjen føre til auka press på dei tilsette og kan gjere at arbeidsplassane våre blir mindre attraktive. Aktiviteten i PBU ligg høgt i høve nasjonalt nivå på konsultasjonar per fagårsverk. Dette gjer at vi er urolege for at dei tilsette skal oppleve redusert trivsel og søkje seg vekk frå feltet vårt.

## Risiko i budsjett for 2020

PHV dekker gjestepasientkostnader i driftsbudsjettet. Det er alltid ein risiko for at fleire pasientar nyttar fritt sjukehusval, eller at vi ikkje har kapasitet. Dette vil kunne medføre kostnader utover budsjett som PHV må dekke gjennom innsparingar. Det er særleg risiko knytt til kjøp av tryggleiksplassar.

Det har vist seg at det er vanskelig å rekruttere fagfolk med spisskompetanse (overlegar og psykologspesialistar). Mangel på fagfolk kan gi lågare inntekter enn budsjettet og bidra til auka ventetider. Tilsetning av ikkje-spesialistar gir oss høge utdanningskostnader. Det er også risiko for å måtte leige inn helsepersonell til ein langt høgare kostnad enn om ein klarte å rekruttere eigne tilsette.

## Ramme 2020

<b>Budsjettramme 2019 - PHV (tal i 1000 kroner)</b>	
Budsjett 2019	0
Prisendringar 2020	-1 900
Realendring 2019 - 2020	1 900
<b>Sum</b>	<b>0</b>

PHV forventar eit overskot i 2019 på 8 millionar i høve budsjett. Overskotet skuldast kjøp av få tryggleiksplassar hjå andre føretak, vakante stillingar gjennom året og at vi allereie i 2019 har tilpassa drifta til kostnadsnivået for 2020. Tilpassinga har skjedd ved omstillingar i drifta for å unngå driftsmessige utfordringar i 2020.

<b>Prisendringar (tal i 1000 kroner)</b>	
Endra basisinntekt	-13 150
Prisauke DRG poeng	-4 350
Prisauke inntekter	-444
Lønsvekst	11 839
Endra pensjon	3 102
Prisendring varer og andre kostnader	1 104
<b>Netto prisendring</b>	<b>-1 900</b>

Endra basisinntekt er summen av fråtrekk for realinnsparingskrav (2,9 mill.), styrking som følgje av prisjustering (11,65 mill.), tillegg for høgare pensjonskostnad (3,1 mill.), fråtrekk for auka av DRG pris (3,5 mill.) og tillegg for kjøp av fleire tryggleiksplassar samt opplæringskostnader før oppstart av eige tryggleikstilbod (4,8 mill.).

<b>Realendringar (tal i 1000 kroner)</b>		
ISP	Endring i tilskot	-260
ISP	Aktivitetsendring DRG	100
ISP	Aktivitetsendring HELFO	-62
ISP	Endring i andre inntekter	0
ISP	Endra bemanning ISP adm	-312
ISP	Endra bemanning ISP døgn	-812
ISP	Endra bemanning ISP dag	1 391
ISP	Endra reisekostnader	-86
ISP	Endring i andre driftskostnader	-9
NPS	Endring i tilskot	-770
NPS	Aktivitetsendring DRG	350
NPS	Aktivitetsendring HELFO	13
NPS	Endra bemanning NPS adm	-289
NPS	Endra bemanning NPS døgn	807
NPS	Endra bemanning NPS dag	1 612
NPS	Endra bemanning NPS rus	256
NPS	Endra reisekostnader	35
NPS	Endra kurs/møter	-120
NPS	Endring i andre driftskostnader	-194
PBU	Endring i tilskot	-511
PBU	Aktivitetsendring DRG	100
PBU	Endring i andre inntekter	7
PBU	Endra bemanning ved UPH	-691
PBU	Endra bemanning ved FBUP	-205
PBU	Endra bemanning ved NBUP	244
PBU	Endra bemanning ved SBUP	762
PBU	Endra reisekostnader	-155
PBU	Endring i andre driftskostnader	100
PSK	Endring i tilskot	-1 850
PSK	Endring i midlar til forskning	-445
PSK	Aktivitetsendring DRG	-50
PSK	Aktivitetsendring HELFO	-366
PSK	Endra bemanning PSK sjukehus	611
PSK	Endra bemanning PSK poliklinikk	2 837
PSK	Endra bemanning PSK legar	116
PSK	Endra bemanning PSK DPS	-391
PSK	Endra bemanning PSK rus	-258
PSK	Endra bemanning PSK adm	894
PSK	Endra avsetning for gjestepasientar tryggleik PSK	1 160
PSK	Endra reisekostnader	-289
PSK	Endring i andre driftskostnader	-68
ADM	Endring i tilskot	0
ADM	Endring i andre driftskostnader	-50
ADM	Endra inntekter for gjestepasientar	-990
ADM	Endra personalkostnader	296
ADM	Endra gjestepasientkostnader	-1 410
ADM	Endring i andre driftskostnader	854
<b>Netto kostnadsendring</b>		<b>1 900</b>

## Økonomi

Psykisk helsevern	Rekneskap 2018	Budsjett 2019	Prognose 2019	Budsjett 2020	Endring B20 - B19	Endring %
Basisramme	- 371 900	- 372 200	- 372 200	- 385 350	- 13 150	3,5 %
ISF egne pasienter	- 22 955	- 28 600	- 27 400	- 32 400	- 3 800	13,3 %
Gjestepasientinntekter	- 5 984	- 5 157	- 6 350	- 6 156	- 999	19,4 %
Polikliniske inntekter	- 65	- 91	- 205	- 231	- 140	154,0 %
Andre øyremarka tilskot	- 1 120	- 1 814	- 5 130	- 8 686	- 6 872	378,8 %
Andre driftsinntekter	- 11 541	- 11 638	- 8 875	- 9 827	1 811	-15,6 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>- 413 565</b>	<b>- 419 500</b>	<b>- 420 160</b>	<b>- 442 650</b>	<b>- 23 150</b>	<b>5,5 %</b>
Kjøp av offentlege helsetenester	32 100	25 993	24 955	27 201	1 208	4,6 %
Kjøp av private helsetenester	3 526	3 162	1 510	2 770	- 392	-12,4 %
Varekost	5 073	5 107	4 760	4 081	- 1 026	-20,1 %
Innleigd arbeidskraft	10 962	11 143	11 280	9 754	- 1 389	-12,5 %
Løn til tilsette	260 698	275 679	271 909	295 502	19 823	7,2 %
Overtid og ekstrahjelp	7 673	6 335	6 866	6 915	580	9,2 %
Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	54 800	48 298	48 298	51 400	3 102	6,4 %
Off tilskot og refusjonar vedr arbeidskraft	- 11 661	- 9 524	- 11 490	- 11 844	- 2 319	24,4 %
Anna løn	36 951	38 665	37 781	40 671	2 006	5,2 %
Andre driftskostnader	14 750	14 642	16 292	16 200	1 558	10,6 %
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>414 874</b>	<b>419 500</b>	<b>412 160</b>	<b>442 650</b>	<b>23 150</b>	<b>5,5 %</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>1 309</b>		<b>- 8 000</b>			

## Kostnadsutvikling

### Kjøp av helsetenester.

I dag kjøper PHV plassar innan psykisk helsevern, under dette også tryggleiksplassar og rusomsorg. Årsaka er både at pasientane har fritt sjukehusval, og at vi ikkje alltid kan tilby pasienten rett behandling i fylket. Desse kostandene var moderate i 2019, og vi legg til grunn at kostnadene i 2020 vert litt høgare enn siste år.

### Innleige av arbeidskraft.

Det har vore nytta ein del innleige av arbeidskraft i 2019 fordi vi ikkje har greidd å rekruttere arbeidskraft med rett kompetanse. Vi arbeider aktivt med å erstatte personell som har slutta, men legg til grunn at det også vil påløpe kostnader knytt til innleige av helsepersonell i 2020.

### Løn til tilsette og overtid/ekstrahjelp.

Endringa skuldast budsjettert lønnsauke for 2020 og heilårsverknader knytt til bemanningsendringar i løpet av 2019.

## Aktivitetsutvikling

Aktivitet	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Budsjett 2019	Prognose 2019	Budsjett 2020	Endring P19 til B20
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>						
DRG poeng	3 509	3 526	3 945	3 640	3 849	209
Tal heildøgnsopphald	18 012	17 604	17 900	19 000	18 700	-300
Tal utskrivne pasientar	1 047	1 027	1 045	1 105	1 055	-50
Poliklinisk dagbehandling	443	357	300	260	100	-160
Polikliniske konsultasjonar	26 859	25 455	26 400	25 100	26 000	900
<b>Rus</b>						
DRG poeng	391	428	530	390	447	57
Tal heildøgnsopphald	6 968	7 441	7 490	7 030	7 470	440
Tal utskrivne pasientar	213	244	235	235	240	5
Polikliniske konsultasjonar	3 014	3 209	3 180	2 810	3 150	340
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>						
DRG poeng	5 360	5 302	5 961	5 840	5 958	118
Tal heildøgnsopphald UPH	1 145	1 121	1 200	1 160	1 200	40
Tal utskrivne pasientar UPH	87	76	80	60	80	20
BUP polikliniske konsultasjonar	16 384	16 612	17 800	17 900	18 300	400

Det er lagt opp til lågare aktivitet knytt til døgnopphald for vaksne i 2020, og ein auke i poliklinisk aktivitet. Vi vil arbeide for å auke aktiviteten innanfor TSB i høve førre år. Aktiviteten i PBU er venta å verte høgare enn siste år.

## Aktivitet per avdeling


Poliklinikk konsultasjonar						
Avdeling	Oppnådd 2016	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Prognose 2019	Budsjett 2020	Endring P19 til B20
PBU	17 713	16 384	16 612	17 900	18 300	400
ISP	6 796	6 952	6 725	6 496	6 500	4
RUS ISP	696	677	719	709	700	-9
NPS	7 299	8 495	8 112	6 848	7 500	652
RUS NPS	609	738	596	442	550	108
PSK	10 528	11 412	10 618	11 756	12 000	244
RUS PSK	1 849	1 599	1 894	1 659	1 900	241
SUM VP	24 623	26 859	25 455	25 100	26 000	900
SUM RUS	3 154	3 014	3 209	2 810	3 150	340

Poliklinikk DRG poeng						
Avdeling	Oppnådd 2016	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Prognose 2019	Budsjett 2020	Endring P19 til B20
PBU	-	5 360	5 302	5 840	5 958	118
ISP	-	845	837	884	985	101
RUS ISP	-	89	107	112	108	-4
NPS	-	1 044	1 088	949	1 124	175
RUS NPS	-	92	73	63	108	45
PSK	-	1 620	1 601	1 807	1 740	-67
RUS PSK	-	210	248	215	231	16
SUM VP	-	3 509	3 526	3 640	3 849	209
SUM RUS	-	391	428	390	447	57

Heildøgn						
Avdeling	Oppnådd 2016	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Prognose 2019	Budsjett 2020	Endring P19 til B20
PBU	1 085	1 145	1 121	1 160	1 200	40
ISP	3 874	3 799	3 907	3 785	3 800	15
RUS ISP	99	111	100	156	160	4
NPS	3 674	3 942	3 514	3 489	3 100	-389
RUS NPS	2 909	2 550	3 004	2 426	2 500	74
PSK	11 386	10 271	10 183	11 726	11 800	74
RUS PSK	4 718	4 307	4 337	4 448	4 810	362
SUM VP	18 934	18 012	17 604	19 000	18 700	-300
SUM RUS	7 726	6 968	7 441	7 030	7 470	440

Utskrivne pasientar						
Avdeling	Oppnådd 2016	Oppnådd 2017	Oppnådd 2018	Prognose 2019	Budsjett 2020	Endring P19 til B20
UPH	91	87	76	60	80	20
ISP	111	111	117	86	100	14
RUS ISP	9	4	8	9	10	1
NPS	185	194	168	229	180	-49
RUS NPS	88	93	95	82	90	8
PSK	885	742	742	790	775	-15
RUS PSK	91	116	141	144	140	-4
SUM VP	1 181	1 047	1 027	1 105	1 055	-50
SUM RUS	188	213	244	235	240	5

## Bemanningsplan



PHV har 427 brutto månadsverk per oktober 2019 og 402 netto månadsverk. Tal månadsverk er auka gjennom 2019 fordi vi hadde store vakansar i 2018, samt at vi har hatt prosjektstillingar med ekstern finansiering i 2019. I 2019 er tal brutto månadsverk på nivå med det vi hadde i 2017.

2020 er lagt opp med tilsvarende bemanning som i 2019, men vi ventar ein auke mot slutten av 2020, då vi går i gang med tilsetjing av personale som skal ha opplæring før vi opnar tryggleikspost i Førde i 2021.

Gjennomsnittleg tal brutto månadsverk siste 12 månader er 425. For eit år sidan var dette talet 418. For 2 år sidan var talet 423.

## Forsking

Psykisk helsevern held oppe satsing på forsking og har sett av midlar til forsking i budsjett 2020 på same nivå som i 2019. Klinikken har fleire tilsette som held på med doktograd - PhD, finansiert både av tildelte midlar frå Helse vest og interne midlar.



## **Budsjettprosess**

Vi har arbeidd med budsjett sidan våren 2019, og tillitsvalde og verneteneste har vore invitert til klinikkråd gjennom året. PHV har hatt følgjande milepælar i budsjettprosess:

- 22.05.19 Klinikkråd med tillitsvalde og verneteneste. Orientering om budsjettprosessen generelt, foreløpige budsjettføresetnader og milepælar frå økonomidirektør.
- 04.10.19 Drøftingsmøte PSK med tillitsvalde og verneteneste.
- 11.10.19 Drøftingsmøte ISP med tillitsvalde og verneteneste.
- 16.10.19 Klinikkråd PHV, med tillitsvalde og verneteneste. Presentasjon av budsjettet.
- 23.10.19 Drøftingsmøte NPS med tillitsvalde og verneteneste.
- 29.10.19 Drøftingsmøte PBU med tillitsvalde og verneteneste.
- 01.11.19 Drøftingsmøte PHV med tillitsvalde og verneteneste.
- 06.11.19 KAMU PHV

## **Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet**

Psykisk helsevern – PHV

Psykiatrisk klinikk – PSK

Nordfjord psykiatrisenter – NPS

Indre Sogn psykiatrisenter – ISP

Psykisk helsevern for barn og unge – PBU

Ungdomsavdeling for psykisk helsevern – UPH

Klinikken sitt arbeidsmiljøutval – KAMU